

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-033	21/63

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
003/2021	Arbeidsmiljøutval	PS	15.03.2021

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

## Arbeidsmiljøutval - 003/2021

### AMU - behandling:

Orienteringssaker

Status nytt nærings- og tenestesenter: Rådmannen orienterte kort om at prosjektet framleis er i rute etter framdriftsplanen.

Handlingsplan for Modalen kommune og bedriftshelsetenesta 2021 v/ Salutis: Venke Osnes frå bedriftshelsetenesta(BHT) orienterte om handlingsplanen, og prosessen som ligg bak. Rådmannen har prioritert innspela frå leiarane og verneomboda.

Sjukefråver 2020: Assisterande rådmann orienterte om sjukefråveret i 2020. Samla sjukefråver for heile organisasjonen vart 7,5 %, som er over målet på 6,5%. Korona-relatert fråver er inkludert i sjukefråverstala.

Arbeidsmiljøundersøking på reinhaldsavdelinga (teknisk etat) v/ Salutis: Venke Osnes frå BHT orienterte om saka, og resultatet frå undersøkinga samt framlegg til tiltak som er anbefalt sett i verk. Status arbeid med langvaktturnus på Modalstunet: Rådmannen orienterte om at dette er krevande å få til, og at arbeidet med denne typen turnus foreløpig er sett på vent.

Rekrutteringstiltak sjukepleiarar: Assisterande rådmann orienterte om moglege særskilte rekrutteringstiltak for sjukepleiarar i turnus. Tiltaka skal drøftast politisk og med HTV gruppa før dei evt kan setjast i verk.

Avviksmeldingar 2020: Assisterande rådmann orienterte om status på avviksmeldingar i 2020.

Leiargruppa har gjennomført HMS-kurs for leiarar: Rådmannen orienterte kort om gjennomført

obligatorisk HMS kurs for leiarar.

Styrking av internkontroll i 2021 – fokus på rådmannen sin internkontroll: Nytt kvalitetssystem skal innførast i 2021. Netpower skal erstatte KF kvalitet etter anbodsrunder i IKT Nordhordland.

Samstundes implementere nye lovkrav til internkontroll i kommunane. Starte med rådmannen sin internkontroll og etterkvart einingane sin internkontroll.

Revidering av Modalen kommune sine etiske retningslinjer, jfr. AMU sak 007/2020 (drøftingssak) pkt. 3 som AMU si vurdering av viktigast område for Modalen kommune å arbeide med i tida framover.

Vert følgd opp i løpet av 2021.

Samrøystes vedteke

#### **AMU - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering